

# Fjågesund Posten

Nr. 3 august 2015



## LOPPEMARKED

Laurdag 29. august kl 14.00

på Fjågesund grendehus

Sal av:  lapskaus

 vafflar


 brus

 kaffi



Har du rydda loft og kjellar og funne lopper av mang slags slag - håpar me du vil gje dei til oss og støtte Fjågesund idrettslag! Alt utanom klede, sko og store elektroartiklar vil bli motteke på grendehuset med stor takk  på desse dagane:

- Sondag 23. august kl 18 - 19
- Torsdag 27. august kl 18 - 19
- Fredag 28. august kl 18 - 20



Velkomen til ein triveleg dag med

 liv og røre 

opper og lus på Fjågesund grendehus!



# IDRETTSMERKEPRØVE

**Tysdag 1. september kl. 17.00.**

på grendehusplassen.

Oppfordring! Møt opp og test deg selv!!!!



## **Idrettsmerket 100 år**

I år fyller Idrettsmerket 100 år. Dette markerast med ein jubileum-pin og denne erstattar bronsemeket i år, og kan kjøpast i tillegg til dei andre utmerkelsane. Jubileumspinsen og andre merke kjøpast i nettbutikken.

I tillegg har NIF laga eit jubileumshefte med historie. Heftet kan lastas ned som pdf, eller bestillast per e-post:

[Idrettsmerket@idrettsforbundet.no](mailto:Idrettsmerket@idrettsforbundet.no)

Jubileumsheftet er gratis!

## **STØTT FJÅGESUND IL MED TOMGODS!**

Har de tomgods som me kan pante til inntekt for laget vårt, vil me gjerne at de set det ut i knytt pose, ved trammen eller innkjørsla di slik at det er lett å finne.

Me køyrer rundt og samlar inn:

**Torsdag 3. september kl 17.00.**



**Spar panten til Fjågesund IL. Rai Rai!**

# KOM DEG UT-DAGEN

**Søndag 6. september**

Tur til Næring (ca 765 m.o.h)

Frammøte ved Knarrbu parkeringsplass på Fjågesundheia kl. 11.00.

Arr. Kviteseid Turlag og Barnas Turlag.



# VAL

## Opningstider i vallokala ved kommune- og fylkestingsvalet 2015

Vallokala i Kviteseid, Brunkeberg og Vrådal er ope søndag 13. september frå kl. 1500 til kl. 1800. Måndag 14. september er lokala ope frå kl. 1200 til kl. 2000.

Førehandsrøystinga frå 10. august vil foregå mandag til fredag frå kl. 1000 til kl. 1500 på kommunehuset.

Hugs legitimasjon når du skal røyste.

## TUR TIL HYVRE

**Søndag 20. september kl. 12.00**

frå grendehusplassen.

Her har idrettslaget ei bok som du kan skrive navnet ditt i og bli med på trekking av gevinst, som skjer på 17. mai-feiringa.

Arr. Fjågesund IL



Utsikt frå Hyvre (ca. 450 m.o.h) mot Næring

## GUDSTENESTE

**Søndag 20. september kl. 16.00.**

i Fjågesund kyrkje.

Konfirmantpresentasjon. Off. Kvitsund gymnas.

Merk tida!

# GRENDEHUSBASAR

Det er snart tid for den årlege basaren til Fjågesund Grendehuslag. Me er svært takksame for gevinst Dei kan leverast til Trond eller Odd seinast

**Sondag 20/9-2015.**



## HELDIGE HENRIK

Heldige Henrik tar lodd på basar.  
Vinner på alle de lodd som han tar.  
Vinner en bamse, konfekt og ei klokke.  
Vinner en bil og en kjempestor dokke.  
Vinner en sykkel som passer for to.  
Vinner en pels og to høyhælte sko.  
Vinner service til åtte personer.  
Vinner to glitrende sølvlysekroner.  
Vinner en reise for to til Ibiza.  
Vinner det skjeveste tårnet i Pisa.  
Vinner kassetter og radio og TV.  
Vinner en vaskekte prins og en greve.  
Vinner et hus som har svømmebasseng.  
Vinner en hest og en fiskegrateng.  
Vinner en kam og et fem-mannsorkester som han kan trekke opp når han har gjester.  
Vinner så mye at når det blir kveld da skal han åpne basar hos seg selv.

Forfatter: Trond Brønne

Utgitt: Fra "Tanta til Anna og andre dikt". Tiden forlag 1993.

**Fredag 25. september startar elgjakta...**



Sjå også heimesida til Fjågesund på:  
[fjaagesund.no](http://fjaagesund.no)